



Gebyrregulativ for Herøy Vasslag SA

Vedteke på Årsmøte i Herøy Vasslag 22. april 2010.

Gjeldande frå 1. januar 2011.

Revidert 13. mai 2020

Revidert 12. mai 2022

Revidert 23. mai 2024

Rammer for gebyrberekening

- Herøy Vasslag skal drivast etter sjølvkostprinsippet og abonnementsavgiftene skal dekke vasslaget sine driftskostnader inkl. avskrivningar og kapitalkostnader.
- Gebyrberekening baserast på Lov om kommunale vass og avløpsanlegg datert 16.03.2012 nr. 12 (vavl) Forurensningsforskrifta Del 4A, Kommunale vann og avløpsgebyrer Kapittel 16.
- Alle priser skal tilleggast 25 % mva. med unntak av Andelsinnskot

2.1 Andelsinnskot

Andelsinnskotet skal differensierast etter brukarkategori:

Andelsinnskot for næring skal betalast av næringsseigedomar og offentlege Verksemdar.

Andelsinnskot for bustad skal betalast av andre abonnentar.

2.2 Årsgebyr:

Herøy Vasslag har eit todelt årsgebyr for vatn. Den faste delen som er kalla "Abonnementsgebyr" skal reflektere vasslaget sine faste kostnader som i hovudsak er knyta til investeringar i leidningsnett og andre anlegg. Den variable delen som er kalla "Forbruksgebyr" skal reflektere vasslaget sine variable kostnader som i hovudsak er knyta til drift av vassbehandlingsanlegget og vedlikehald av leidningsnettet. Denne delen av kostnadane er fordelt på abonnentane etter forbruk, anten stipulert eller målt (etter vassmålar).

2.2.1 Abonnementsgebyr:

Alle abonnentar i ein brukarkategori betalar likt abonnementsgebyr som vert fastsett av årsmøte.

2.2.2 Forbruksgebyr:

Forbruksgebyret vert utrekna på grunnlag av stipulert eller målt forbruk, begge basert på einingspris for vatn.

Einingspris for vatn (kr. pr. m3) vert fastsett av Årsmøtet:

Stipulert forbruk:

Forbruksgebyret skal baserast på stipulert forbruk og pris pr. m3.

Stipulert forbruk [m3] vert utrekna slik:

Bruksareal BRA [m2] x spesifikt forbruk (m3/m2)

Arealet utreknast som bruksareal BRA [m2] etter NS 3940. Alle bygningar på eigedomen skal reknast med.

Spesifikt forbruk er fastsett til 0,90 m3/m2 for bustadar, fritidseigedomar.

Spesifikt forbruk for næringsseigedomar vert sett til 0,7 for gruppe 201, 0,65 for gruppe 202, 0,6 for gruppe 203, 0,58 for gruppe 204 og 205

Forbruksgebyr bustader:

Einingspris [kr/m3] x Stipulert forbruk [m3]

Bustadabonntane vert plassert i gruppe 101, 102 eller 103 utifrå bruksareal (BRA) basert på utrekningar i samsvar med NS 3940.

Satsane for gruppe 101, 102 og 103 vert rekna med grunnlag i gjennomsnittleg BRA som for Herøy kommune er på hhv. 114 m2, 212m2 og 360m2.

Fritidsbustadar, Rorbu vert plassert i gruppe 111, 112, 113 med 0,5 andel av stipulert forbruk.

Naust for hobby og fritids fiske / flytebryggekraner:

Naust for hobbyfiske og fritid (evt. med eigen flytebrygge) plasserast i gruppe 150 (stipulert forbruk 20m3 pr. år)

Flytebryggekran for inntil 3 brukarar plasserast i gruppe 151 (stipulert forbruk 50m3 pr. år)

Småbåthamner med flytebrygge plasserast i gruppe 201

Forbruksgebyr næringsseigedomar:

Næringsabonntane vert plassert i gruppe 201, -2, -3, -4 eller -5 utifrå bruksareal (BRA) basert på utrekningar i samsvar med NS 3940.

Satsane for gruppe 201, -2, -3, -4 og -5 vert rekna med grunnlag i gjennomsnittleg BRA som for Herøy kommune er på hhv 150m2, 314 m2, 892m2, 2260m2 og 4561m2.

Kommunale pumpestasjonar betalar 0,5 x gebyr 201 pr. pumpestasjon

Vassmålar: Dersom vatn skal leverast etter målar, avgjer Herøy Vasslag SA kva type målar som skal nyttast og levere målararen til andelseigaren. Plassering av målar skal vere i tråd med VA norm for Sunnmøre og vasslaget skal godkjenne plassering av målararen. Andelseigaren skal bere utgiftene med oppsetting og montering. Vert målararen skadd av andelseigar eller nokon av hans folk, skal kostnaden med utskifting, reparasjon og eventuelt kjøp av ny målar, berast av andelseigar. Kontroll av målararen vert sett i verk når vasslaget finn det turvande.

Målarabonntarar skal sjølv melde inn målarstand til fastsette tider eller etter varsel frå vasslaget.

Gebyr-fritak: Det gis ikkje fritak for årsgebyr når bustad eller næringsbygg står tomt.

Definisjon av Abonnement:

- ❖ Personar/Firma som eig eller festar eigedomar som er registrerte i grunnboka med eige gards-og bruksnummer, eller med eige festenummer eller seksjonsnummer og som er knytt til vasslaget sitt leidningsnett direkte eller gjennom felles stikkledning. I Eigedom med fleire utleigeiningar eller som er organisert som burettslag, eller forretnings eigedom for utleige til ulike firma, skal kvar utleigeining vere ein abonnent.
- ❖ I einestad med utleigeining er kvar bueining å rekne som sjølvstendig abonnent.
- ❖ Person/firma som eig eller festar eigedomar som kommunen har kravd at skal knytast til vass og eller avløpsledning, i samsvar med Plan og bygningslova, §§65, 66 og 92.

Huseigar er ansvarleg for vassavgifta til leigetakarar.

Gebyrsatsane vert justerte ved kvart årskifte etter vedtak på Årsmøte året før.

Tilknytting: Andelsinnskot		Frå 01.07.2018	Andel
Andelsinnskot pr. bustad, fritidsbustad og rorbu			Kr. 10 000
Andelsinnskot for næringsverksemd		Andelsinnskot fast del Variabel del: kr. 25,- pr. m2 bruksareal (BRA) inntil 1000m2. kr. 20,- pr. m2. Bruksareal over 1000 m2	Kr. 10 000
Naust til Hobbyfiske og fritid			Kr. 5 000
Årsgebyr = Abonnementsgebyr + forbruksgebyr			
Abonnementsgebyr (fast årleg)			Sjå prislister for gjeldande år
Næring pr. seksjon/utleigeining)	A	Variabel storleik	
Bustad (pr. bueining) og Fritidsbustad/Rorbu	B		
Naust til Hobbyfiske og fritid og Flytebrygge	C		
Abonntarar med målt forbruk	D	Tillegg kr. 1000,-	
Forbruksgebyr – Stipulert forbruk etter BRA, eller vassmålar			
Einingspris for vatn			Sjå prislister for gjeldande år
Ved bruk av vassmålar: Einingspris x forbruk (m3)			
Ved stipulert forbruk: Gjennomsnittleg bruksareal (BRA) for gruppe x spesifikt forbruk x einingspris . Abonntarane vert plassert i aktuell gruppe etter Bruksareal der følgjande forbruk er utrekna:			
Bustadar:			
	Areal	Stipulert forbruk (Snitt i Herøy)	
Gruppe 101	< 150 m2 (114m2)	103 m3	
Gruppe 102	151 – 299 m2 (212m2)	191 m3	
Gruppe 103	> 300 m2 (360m2)	324 m3	
Gruppe 111-112 Fritidsbustadar, Rorbu		0,50 x stipulert forbruksgebyr	
Gruppe 150 Naust til hobbyfiske og fritid		20 m3	
Gruppe 151 Flytebrygge inntil 3 brukarar		50 m3	
Alt bruksareal (BRA) skal reknast med i gebyrgrunlaget (gjeld eventuelt Pr. utleigeining) NS 3940			
Næringsbygg: (seksjon/Utleigeining)	Areal	Stipulert forbruk	
Gruppe 201	< 200m2 (150m2)	105 m3	
Gruppe 202	201 – 500 m2 (314m2)	204 m3	
Gruppe 203	501 – 2000 m2 (892m2)	535 m3	
Gruppe 204	2001 – 4000m2 (2260(m2)	1311 m3	
Gruppe 205	Over 4001m2 (4561m2)	2645 m3	
Alle bygningar på eigedomen reknast med i gebyrgrunlaget. (Gjeld bustad og næring)			
Målarabonntarar vert tillagt på fastdelen			kr. 1 000,-

- 1) **Kaianlegg med eller utan sjøhus for havgåande fiskebåtar vert å rekne som Næringsbygg. Slike anlegg skal ha målar.**
- 2) **Rorbu eller hytte for utleige vert innplassert etter utleigeareal i tariff 101 - 103.**
- 3) **Campingplass med servicebygg plassert i Næring gruppe 201**

Før tilknytning til Herøy Vasslag SA sitt leidningsnett, må søknad om dette utfyllast og innsendast. Godkjenning frå Herøy Vasslag skal vedleggast søknad til Herøy kommune om byggjeløyve. Kvitering for innbetalt andelsinnskot, skal framvisast til rørleggar før vatnet kan påkøblast.

Betaling av andelsinnskot og årsgebyr:

1. Andelsinnskot etter gjeldande satsar skal innbetalast før byggestart.
2. Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr) vert fakturert kvartalsvis, (februar, mai, august, november) Første faktura vert sendt for første kvartal etter innflytting.